




ARKIVVERKET



STATISTIKK FOR ARKIVINSTITUSJONAR OG ARKIV I BIBLIOTEK OG MUSEUM 2021

INNHALD

Statistikken i korte trekk	3
Bestand	4
Digitalt skapt bestand	4
Bestand i hyllemeter	6
Tilrettelegging for bruk	8
Digitalisering av papirmateriale	11
Oppbevaringstilhøve	12
Bevarte privatarkiv	13
Bestand, tilvekst og tal på privatarkiv	13
Tilrettelegging for bruk	16
Digitalt skapt privatarkivmateriale	18
Institusjonane med mest privatarkiv	19
Audiovisuelt arkivmateriale	21
Foto	21
Lyd og film	22
Lagringstilhøve for audiovisuelt arkivmateriale	23
Tilgjenge og bruk	24
Tilgjenge til arkivkatalogar på lesesal og nett	24
Besøk, utlån og førespurnader på lesesal	25
Publisering og bruk av digitalisert arkivmateriale	26
Årsverk og økonomi	28
Meir om arkivinstitusjonane	30
Om statistikken	33
Vedlegg 1: Inndeling institusjonstypar	34
Arkivinstitusjonar	34
Museum	34
Bibliotek	35

I KORTE TREKK

Ved utgangen av 2021 var det totalt bevart 4 502 arkivuttrekk og 636 867 hyllemeter arkivmateriale i norske arkivinstitusjonar, museum og bibliotek. Arkivmaterialet kan stå tett i tett i luftline frå Stavanger til Steinkjer. Mengda gigabyte (GB) er meir enn femdobla frå 2017 til 2021 og utgjer nå 217 896 GB totalt. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har fleire arkivuttrekk enn alle dei andre institusjonane til saman, heile 2 446 av totalt 4 502 uttrekk.

Total arkivbestand som er ordna og katalogisert utgjer 465 330 hyllemeter, det vil seie 73 % av total bestand. (Fylkes) kommunale arkiv er i mindre grad ordna og katalogisert enn statlege arkiv, og trekk totalsnittet ned. Derimot har dei (fylkes)kommunale institusjonane den desidert største tilveksten til arkivbestanden i 2021, på 14 491 av totalt 19 572 hyllemeter. Dei har likevel klart å halde ordningsgraden på materialet på same nivå som i 2020: 70 %. Museumsinstitusjonane har den lågaste delen som er tilrettelagt for bruk med ein ordningsgrad på 63 %.

Det er generelt mange museum og bibliotek som ikkje publiserer informasjon om arkiva sine på Arkivportalen. Det er også eit stort etterslep på publisering av informasjon om arkiva i (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar, men delen som er publisert har auka jamt dei siste åra. I 2021 har publiseringssiden auka til 65 % i snitt, ein auke på fire prosentpoeng frå 2020. Særleg andre arkivinstitusjonar og dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har gjort ein god del publiseringsarbeid i korona-åra 2020-2021. Dei siste fire åra har publiseringsgraden auka med 14 prosentpoeng.

Særs mange bevaringsinstitusjonar av alle typar tek vare på privatarkiv – i alt 148 av dei 152 som svara tek vare på privatarkiv. Mange av desse arkiva er små, og den enkelte institusjonen har ofte ei lita mengde privatarkivmateriale. Det er framleis få institusjonar som har tatt imot digitalt skapte privatarkiv. Total bestand av privatarkiv er på 137 643 om ein reknar i hyllemeter. Talet på institusjonar med arkivuttrekk frå private aktørar og mengda GB viser at bevaring av digitalt skapte privatarkiv ligg etter bevaringa av papirarkiv. Bevaringsinstitusjonane bevarer 60 997 privatarkiv, men berre 403 private uttrekk.

Status i 2021 er at litt under ein tredel av arkiva frå private aktørar ikkje er ordna, og det er publisert kataloginformasjon for berre 51 % av privatarkiva på Arkivportalen. Bibliotek

og museum er institusjonstypene som publiserer minst kataloginformasjon. Spesielt gjeld dette for biblioteka, der ikkje meir enn 20 % av alle arkiva er publisert på Arkivportalen.

Tala på lesesalsbesøk syner i 2021 ein liten nedgang. Som i 2020, kan mykje truleg forklarast med koronaviruset og stenginga av samfunnet som følgde. Talet på førespurnadar har derimot hatt ein liten auke frå året før, frå 63 036 til 63 852. Omkring 63 % av alle førespurnadane i 2021 gjeld eigedom eller dokumentasjon av rettar.

Ser ein på bruk og besøk i Digitalarkivet, har det vore ein liten nedgang i kor mange som besøkte Digitalarkivet i 2021. I 2020 var talet på besøk heile 7,4 millionar, medan talet for besøk i 2021 er 6,7 millionar. Talet på årlege unike brukarar er òg noko lågare i 2021 med 1,3 millionar mot 1,6 millionar unike brukarar i 2020. Det må leggjast til at 2020 var eit rekordår for besøkande på Digitalarkivet, då folketeljinga for 1920 blei publisert. Tala for besøkande på Digitalarkivet er høgare i 2021 dersom ein samanliknar med tal frå 2018 og 2019.

Bevaringsinstitusjonane har samla sett hatt ein liten oppgang i tal på arkivrelaterte årsverk og ein nedgang i tal på arkivfaglege årsverk frå 2020. Dette heng saman med dei nye oppgåvene arkivsektoren skal løyse knytt til digitalt skapt materiale. Musea og biblioteka rapporterer samla å ha rundt 112 arkivfaglege årsverk, ein auke på 7 årsverk frå 2020. I gjennomsnitt utgjer likevel dette berre 0,9 arkivfaglege årsverk per bibliotek eller museum – det same som i 2020.

I 2021 er talet på dagsverk nytta til synfaring, tilsyn og rettleiing halvert hjå dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane. Arkivverket har på si side auka denne aktiviteten. Tal på kurs og kursdeltakarar i bevaringsinstitusjonane har auka, medan aktivitetar knytt til arrangement, foredrag og fysiske utstillingar har hatt ein nedgang. På same tid er tala for bruk av andre formidlingskanalar aukande. 89 % av arkivinstitusjonane nyttar si eiga nettside til formidling, og 86 % nyttar også ulike formar for sosiale medium i formidlingsarbeidet.

BESTAND

Ved utgangen av 2021 var det totalt bevart litt over 4 500 arkivuttrekk og nesten 637 000 hyllemeter arkivmateriale i norske arkivinstitusjonar, museum og bibliotek. Det digitale materialet er på meir enn 217 000 gigabytes (GB), og mengda GB har vorte meir enn tredobla frå 2017 til 2021.

DIGITALT SKAPT BESTAND

Det var ved utgangen av 2021 bevart 4 502 arkivuttrekk totalt i dei ulike bevaringsinstitusjonane. Mengda arkivuttrekk og GB aukar særleg i kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar (heretter kalla (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar) og Arkivverket.

Tabell 1: Digitalt skapt arkivmateriale totalt etter institusjonstype pr. 2021


	Uttrekk offentlege arkivskaparar	Uttrekk private arkivskaparar	Uttrekk totalt	GB
Arkivverket	1 694	78	1 772	41 000
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	2 367	41	2 446	91 063
Andre arkivinstitusjonar	-	22	22	28 426
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	4 061	141	4 240	160 489
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	-	70	70	50 562
Folkebibliotek	-	5	5	686
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	-	6	6	26
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	-	81	81	51 274
Museum	-	181	181	6 133
SUM ALLE	4 061	403	4 502	217 896

I arkivinstitusjonane har talet på GB auka med 43 % samanlikna med 2020. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane bevarer flest uttrekk, og særleg frå offentlege arkivskaparar. Deretter kjem Arkivverket som bevarer uttrekk frå statlege etatar, private verksemdar, organisasjonar og personar. Talet på private uttrekk er langt lågare enn talet på offentlege uttrekk i arkivinstitusjonane.

I bibliotek og museum har talet på GB auka med nesten 35 % frå 2020 til 2021. 15 museum og 8 bibliotek opplyser at dei tek vare på digitale uttrekk.

Totalt ser me ein auke i GB på 41 % i alle bevaringsinstitusjonane samanlikna med tal frå 2020. Auka ser ein særleg hjå enkeltinstitusjonar som har tatt imot store uttrekk.


Figur 1: Del av uttrekk totalt og del av GB totalt etter institusjonstype pr. 2021



Dei (fylkes)kommunale institusjonane og Arkivverket har klart flest uttrekk, og er også blant dei største på mengda GB. Fagbibliotek/dokumentasjonssenter har likevel ei stor mengde digitalt skapt arkiv grunna Språksamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen som har bevart nokså få, men store uttrekk.


Som enkeltinstitusjon er Universitetsbiblioteket i Bergen den største institusjonen målt i GB (50 058 GB), sjølv om dei berre har 31 uttrekk. Deretter finn me Arkivverket med 41 000 GB, Innlandet fylkesarkiv med 25 000 GB og Norsk senter for folkemusikk og folkedans og deira store samling av foto-, lyd- og film-/videomateriale på 20 416 GB. I år rapporterer sistnemnte at institusjonen var utsett for eit dataangrep som førte til at dei berre fekk rapportere inn tilveksten digitalt skapt materiale. Dette fortel om nye utfordringar arkivsektoren står overfor framover.

Figur 2: Utvikling i talet på arkivuttrekk totalt 2014-2021



Sidan 2015 har talet på arkivuttrekk meir en dobla seg. Stadig fleire arkivinstitusjonar tek imot digitale uttrekk.

Figur 3: Utvikling i talet på GB arkivmateriale totalt 2017-2021



Figur 3 viser utviklinga i talet på mengde digitalt arkivmateriale målt i gigabyte. Mengda GB er meir enn firedobla frå 2017 til 2021.


BESTAND I HYLLEMETER

Institusjonane bevarer til saman 636 867 hyllemeter med analogt arkivmateriale. Heile 91 % av arkivmaterialet målt i hyllemeter blir bevart i arkivinstitusjonane. Arkivverket bevarer 275 901 hyllemeter, og dei (fylkes) kommunale arkivinstitusjonane bevarer til saman 289 117 hyllemeter. Dei andre arkivinstitusjonane, mellom dei Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, Misjons- og diakoniarkivet, VID, Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Stortingsarkivet bevarer 15 183 hyllemeter. Musea og biblioteka bevarer til saman ca. 9 % av den totale arkivmengda – 56 667 hyllemeter.

Tabell 2: Hyllemeter total arkivbestand med tilvekst etter institusjonstype pr. 2021


Institusjonstype	Hyllemeter totalt	Tilvekst totalt 2021
Arkivverket	275 901	1 428
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	289 117	14 491
Andre arkivinstitusjonar	15 183	137
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	580 201	16 055
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	17 229	1 623
Folkebibliotek	1 529	203
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 544	132
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	20 302	1 958
Museum	36 365	1 559
SUM ALLE	636 867	19 572

Figur 4: Fordeling av hyllemeter total arkivbestand pr. 2021



Arkivinstitusjonane bevarer både offentlege arkiv og privatarkiv – arkiv etter organisasjonar, verksemdar og personar, medan museum og bibliotek i all hovudsak bevarer privatarkiv. Den samla tilveksten for 2021 er 19 572 hyllemeter – nesten 2 000 mindre enn i 2020.¹ Tilveksten er størst i dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane, som hadde ein samla tilvekst på 16 055 hyllemeter. Arkivverket sin tilvekst har minka dei siste åra grunna mediekonvertering og pågåande gjennomgang av magasina og registreringane.²

Figur 5: Utvikling i hyllemeter total arkivbestand 2014-2021




¹ I 2020 vart det feilrapportert ein tilvekst på 20 000 hyllemeter for mykje. Dette er retta opp når me samanliknar årets tal med 2020.

² Gjennom mediekonvertering (skanning av papir) av nyare papirarkiv forventar Arkivverket at ein stor del av papiretterslepet i statsforvaltninga vil bli avlevert digitalt.

TILRETTELEGGING FOR BRUK

Materialet som kjem inn til institusjonane må leggst til rette for bruk gjennom ordning og katalogisering.³ Det vil alltid vere eit visst etterslep i dette arbeidet. Delen ordna materiale avgjer kor mykje av det bevarte materialet som kan brukast. Delen varierer mellom dei ulike institusjonstypene.

Figur 6: Total del hyllemeter arkiv som er ordna pr. 2021



Total arkivbestand som er ordna og katalogisert utgjør 465 330 hyllemeter, nesten $\frac{3}{4}$ av total bestand. (Fylkes) kommunale arkiv er i mindre grad ordna og katalogisert enn statlege arkiv, og trekker totalsnittet ned for arkivinstitusjonane. Museum har den lågaste delen som er tilrettelagt for bruk med ein ordningsgrad på 63 %.

Tabell 3: Hyllemeter total arkivbestand og del som er ordna totalt etter institusjonstype pr. 2021

Institusjonstype	Hyllemeter totalt	Hyllemeter totalt ordna	Total del som er ordna
Arkivverket	275 901	212 129	77 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	289 117	201 167	70 %
Andre arkivinstitusjonar	15 183	13 654	90 %
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	580 201	426 950	74 %
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	17 229	13 020	76 %
Folkebibliotek	1 529	1 204	79 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 544	1 213	79 %
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	20 302	15 437	76 %
Museum	36 365	22 944	63 %
SUM ALLE	636 867	465 330	73 %


Registreringssystemet Asta er det nasjonale verktøyet for forvaltning av og informasjon om historiske arkiv. I systemet blir opplysningar om arkivskapar, arkiv og bestanddelar av arkivet registrert. For å kunne publisere denne arkivinformatjonen (kataloginformasjon) på Arkivportalen.no, og slik gjere han tilgjengeleg for publikum, er det ein føresetnad at materialet først er registrert i Asta.

³ Registrering av metadata om eller omtale av innhaldet i arkivet.


Tabell 4: Registrerte og publiserte arkiv (kataloginformasjon) totalt etter institusjonstype pr. 2021

Institusjonstype	Tal på arkiv	Tal på arkiv registrert i Asta	Del arkiv registrert i Asta	Tal på arkiv (kataloginfo) på Arkivportalen.no	Del arkiv (kataloginfo) på Arkivportalen.no
Arkivverket	26 736	26 736	100 %	26 623	100 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	61 991	55 227	89 %	40 135	65 %
Andre arkivinstitusjonar	3 052	2 924	96 %	2 634	86 %
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	91 779	84 887	92 %	69 392	76 %
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	11 012	3 606	33 %	2 659	24 %
Folkebibliotek	1 654	185	11 %	93	6 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	2 182	712	33 %	402	18 %
SUM BIBLIOTEK /LOKALHISTORISKE ARKIV	14 848	4 503	30 %	3 154	21 %
Museum	20 623	12 866	62 %	6 172	30 %
SUM ALLE	127 250	102 256	80 %	78 718	62 %

Figur 7: Del arkiv totalt som er registrert i fagsystemet Asta pr. 2021




Figur 8: Del arkiv (kataloginformasjon) totalt som er publisert på Arkivportalen.no pr. 2021



Arkivverket har registrert alle arkiva sine i Asta, og det høge talet registrerte arkivstykke og mapper viser òg eit høgt nivå av detaljregistrering av dei ulike bestanddelane av arkiva. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane har registrert 89 % av arkiva og publisert informasjon om 65 %. Andre arkivinstitusjonar har registrert heile 96 % av arkiva, medan 86 % er publisert på Arkivportalen.

Musea har registrert 62 % av arkiva, men berre publisert informasjon om 30 %. Biblioteka har registrert ein veldig liten del av sine arkiv i Asta. Berre 30 % er registrert, medan 21 % er publisert på Arkivportalen. Ein av forklaringane til dette er Nasjonalbiblioteket som oppbevarer heile 7 000 arkiv (privatarkiv), og samstundes ikkje har registrert noko i Asta.


Figur 9: Del registrerte og publiserte arkiv (kataloginformasjon) etter institusjonstype pr. 2021



Det er generelt mange museum og bibliotek som enno ikkje har tatt i bruk Asta, langt mindre publiserer informasjon om arkiva sine på Arkivportalen. Det er også eit stort etterslep på publisering av informasjon om arkiva i (fylkes) kommunale arkivinstitusjonar. Ein bør lese tala med omhug, ettersom fleire bevaringsinstitusjonar melder inn tal på registrerte arkiv som er lågare enn i 2020 utan at dette blir kommentert nærare.

Delen arkivkatalogar som er publisert har auka jamt dei siste åra. I 2021 er det publisert arkivkatalogar for 62 % av arkiva.

Figur 10: : Utvikling i del registrerte og publiserte arkiv (kataloginformasjon) totalt 2016-2021



DIGITALISERING AV PAPIRMATERIALE


Som tidlegare år har Arkivverket den største mengda digitaliserte sider, men dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane kjem godt etter. I 2021 auka talet på digitaliserte sider totalt med litt over 5 millionar sider, men i Arkivverket auka talet med nærmare 16 millionar. Dette er uttrykk for underrapportering frå svært mange institusjonar, og særleg blant dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane som har underrapportert nærmare 11 millionar sidersamanlikna med 2020. Tala harvorevarierandefrå år til år, også innanfor same bevaringsinstitusjonar, og må derfor lesast med omhug.

Tabell 5: Digitaliserte sider totalt og del av totalbestand som er digitalisert etter institusjonstype pr. 2021

Institusjonstype	Hyllemeter totalt	Sider totalt (overslag: 10 000 sider pr. hm)	Digitaliserte sider	Del av papirarkiv som er digitalisert
Arkivverket	275 901	2 759 010 000	90 706 562	3,3 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	289 117	2 891 165 500	13 881 715	0,5 %
Andre arkivinstitusjonar	15 183	151 832 000	268 095	0,2 %
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	580 201	5 802 007 500	104 856 372	1,8 %
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	17 229	172 287 500	76 901	0,0 %
Folkebibliotek	1 529	15 290 000	10 496	0,1 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 544	15 440 000	17 533	0,1 %
SUM BIBLIOTEK/ LOKALHISTORISKE ARKIV	20 302	203 017 500	104 930	0,1 %
Museum	36 365	363 646 700	647 441	0,2 %
SUM ALLE	636 867	6 368 671 700	105 608 743	1,7 %

Ein del (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar driv digitaliseringstenester for forvaltninga. Nokre forvaltar dei nye digitale originalane sjølve og tel dei til statistikken. Andre tel ikkje dette som sider dersom det digitaliserte materialet er sendt tilbake til eigarkommunane for bruk i kommunal sakshandsaming.


Figur 11: : Utvikling i digitalisering av sider (papir) totalt 2016-2021



OPPBEVARINGSTILHØVE

For bevaringsinstitusjonane er det ei viktig oppgåve å sikre det fysiske arkivmaterialet mot tilhøve som kan redusere kvaliteten eller tilgjengelegheita. Institusjonane får spørsmål om det er registrert skadar siste året, og om materialet det siste året har vore tilstrekkeleg sikra. I tillegg får dei eit eige spørsmål om spesiell sikring av audiovisuelt materiale (sjå eige kapittel).

Figur 12: Registrert skade i arkivlokala til bevaringsinstitusjonane i 2021




Av alle bevaringsinstitusjonane har ni registrert skade etter vassinntrenging eller vasskade, og 17 har registrert skade som heng saman med klimatiske tilhøve i magasin siste året. Eit museum har opplevd brann.

Arkivlokale i arkivinstitusjonar

Arkivlokala i arkivinstitusjonane er i hovudsak godt sikra mot dei fleste tilhøve, men vi ser klimatiske tilhøve byr på størst utfordringar: tre av arkivinstitusjonane har ikkje god nok sikring mot klimatiske tilhøve. To institusjonar er ikkje sikra godt nok mot fukt.

Figur 13: Sikring av arkivlokale i arkivinstitusjonar pr. 2021




Arkivinstitusjonane er også bedne om å gje eit overslag over ledig magasinkapasitet. Den ledige plassen dei har til å ta imot nytt arkivmateriale er på til saman 98 348 hyllemeter. Gjennom mediekonvertering av nyare papirarkiv forventar Arkivverket at ein stor del av papiretterslepet i statsforvaltninga vil bli levert inn digitalt. Gjennom andre undersøkingar søker Arkivverket å få betre oversikt over papiretterslepet i statleg sektor slik at ein kan legge til rette for dette på ein enda betre måte.

Arkivlokale i bibliotek og museum

I bibliotek og museum er den generelle sikringa av arkivlokala dårlegare enn for arkivinstitusjonane. 19 av institusjonane har ikkje sikra lokala mot brann, 12 opplyser at dei ikkje har sikra lokala mot skadeverk, innbrot og tilgjenge. Berre 75 av dei spurde 123 institusjonane har sikra lokala mot klimatiske tilhøve og 78 institusjonar mot fukt. Mange institusjonar veit heller ikkje om lokala er sikra godt nok. Fleire museum melder også at oppbevaringstilhøva varierer frå avdeling til avdeling.

Figur 14: Sikring av arkivlokale i arkivinstitusjonar pr. 2021



BEVARTE


PRIVATARKIV

Privatarkiv – arkiv skapt av organisasjonar, verksemder og privatpersonar – blir bevart gjennom frivillig overlevering til ein bevaringsinstitusjon. Det er opp til den enkelte private aktøren å inngå avtale om dette. Bevaringsinstitusjonane vel aktivt ut kva for aktørar dei vil bevare arkivet til – motsett offentleg sektor der alle aktørar blir vurderte og noko bevart. Ofte har bevaringsinstitusjonane tatt imot privatarkiv om dei har hatt ressursar til det. Særs mange bevaringsinstitusjonar av alle typar tek vare på privatarkiv – heile 148 av dei 152 spurte. Mange av desse arkiva er små, og den enkelte institusjonen har ofte ei lita mengde privatarkivmateriale. Svært få har tatt imot digitalt skapte privatarkiv.

BESTAND, TILVEKST OG TAL PÅ PRIVATARKIV


Total bestand av bevarte privatarkiv er på 137 643 hyllemeter. Samla rapportert tilvekst for privatarkiv i 2021 var 4 722 hyllemeter. Dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane hadde òg størst tilvekst av privatarkiv. Det var ved utgangen av 2021 bevart berre 403 arkivuttrekk frå private aktørar i dei ulike bevaringsinstitusjonane.

Figur 15: Utvikling av hyllemeter bevarte privatarkiv og totalt 2014-2021



Privatarkiv har i hyllemeter auka med 25 % sidan 2014, medan totalmengda har auka med 26 %. Delen privatarkiv har hatt ein tydeleg auke. Dette heng truleg saman med at mange bevaringsinstitusjonar er betre rusta til å ta i mot større bedriftsarkiv, samstundes som utviklingsmidlane frå Riksarkivaren kan ha spelt ei rolle for at fleire bevaringsinstitusjonar satsar på privatarkiv.


Figur 16: Fordeling av arkivbestand i hyllemeter mellom privatarkiv og offentlege arkiv pr. 2021*



* Nokre få bevaringsinstitusjonar melder berre inn hyllemeter totalt, og skil ikkje mellom offentlig eller privat bestand. I 2021 gjeld det for til saman 1350 hyllemeter. Dei er ikkje ein del av fordelinga i denne figuren.

Privatarkiv utgjer no 21,6 % av den bevarte bestanden av offentlege og private arkiv i hyllemeter i Noreg, om lag som i 2014. Prosentdelen auka nokre år, men mottak av større etterslep frå (fylkes)kommunal sektor har utjamna denne auken (Figur 17).

Figur 17: Utvikling i del privatarkiv av total arkivbestand 2014-2021




Samstundes bevarer institusjonane samla sett omtrent like mange arkiv frå private aktørar som frå offentlege aktørar. Talet på bevarte arkiv frå privat sektor er 60 997 – eller heile 50 % av dei bevarte enkeltarkiva. Det viser at dei bevarte privatarkiva i snitt er mykje mindre enn dei offentlege arkiva. Men ingen av desse måla seier noko om kvaliteten på arkiva som er bevart.

Tabell 6: Privatarkivbestand - hyllemeter, tilvekst, tal på arkiv etter institusjonstype pr. 2021

Institusjonstype	Hyllemeter privatarkiv	Tilvekst hyllemeter privatarkiv 2021	Tal på privatarkiv
Arkivverket	39 059	637	10 422
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	34 126	745	13 368
Andre arkivinstitusjonar	13 161	127	2 967
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	86 346	1 508	26 757
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	16 108	1 623	10 995
Folkebibliotek	1 472	203	1 634
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	1 237	127	1 824
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	18 817	1 954	14 453
Museum	32 480	1 261	19 787
SUM ALLE	137 643	4 722	60 997

Vi veit lite om kor komplette alle dei bevarte privatarkiva er. Nokre av arkiva er berre brokkar av arkiv. Aller viktigast er likevel kva for utval av privatarkiv som er bevart. Er det representativt for privat samfunnssektor i Noreg? Ei systematisk tilnærming til slike spørsmål er relativt ny i bevaringa av privatarkiv. Først i 2015 fekk vi Nasjonal strategi for privatarkivarbeidet der utvikling av bevaringsplanar og aktiv innsamling er ein viktig del. Riksarkivaren sine utviklingsmidlar har vore nytta til mellom anna å utvikle fleire regionale bevaringsplanar for privatarkiv dei siste åra.

Figur 18: Fordeling av privatarkivbestand etter institusjonstype i hyllemeter pr. 2021




Fordelinga av privatarkivbestanden mellom typar bevaringsinstitusjonar rekna i hyllemeter er heilt annleis enn for totalbestanden av arkiv. Det er for privatarkiv ei meir lik fordeling i hyllemeter mellom Arkivverket, (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar og museum. Medan andre arkivinstitusjonar har om lag 10 % av bestanden av privatarkiv, har bibliotek og lokalhistoriske arkiv om lag 14 %.

Av talet på arkiv frå privat sektor som er bevart, går det fram at arkivinstitusjonane stort sett tek vare på større arkiv enn bibliotek og museum som i snitt har mange mindre privatarkiv.


TILRETTELEGGING FOR BRUK

Ikkje alle privatarkiv som er bevart er tilrettelagt for bruk. Dei er i mindre grad enn offentlege arkiv ordna og registrert, og informasjonen om arkiva er i mindre grad publisert på den nasjonale tenesta for kataloginformasjon, Arkivportalen.no. Dette gjer det vanskeleg for alle slags brukarar å finne ut kva som er bevart og kor ein kan finne det.

Figur 19: Del hyllemeter privatarkiv som er ordna pr. 2021



Figur 20: Del privatarkiv (kataloginfo) publisert på Arkivportalen.no pr. 2021



Arkivmateriale må vere ordna og katalogisert for å vere mogleg å finne fram i. Det er alltid eit visst etterslep i ordning, katalogisering og publisering. Men dette er langt større for privatarkiv enn for offentlege arkiv. Status i 2021 er at litt under ein tredel av arkiva frå private aktørar ikkje er ordna, og det er berre publisert kataloginformasjon for 51 % av privatarkiva på Arkivportalen.

Tabell 7: Privatarbivbestand – ordning, tal på arkiv, publiserte privatarbiv (kataloginfo) med del etter institusjonstype pr. 2021


Institusjonstype	Privatarbiv del av hm som er ordna	Tal på privatarbiv	Tal privatarbiv (katalogar) publisert på Arkivportalen.no*	Del privatarbiv publisert på Arkivportalen.no
Arkivverket	71,4 %	10 422		
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	58,7 %	13 368		
Andre arkivinstitusjonar	90,1 %	2 967		
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	69,2 %	26 757		
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	76,1 %	10 995		
Folkebibliotek	71,8 %	1 634		
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	85,7 %	1 824		
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	76,4 %	14 453		
Museum	66,6 %	19 787		
SUM ALLE	69,6 %	60 997	31 088	51 %

* Tal henta direkte frå Arkivportalen 31.12.2021 – tal for publiserte privatarbiv er ikkje rapportert inn i arkivstatistikken av institusjonane.

Vi har ikkje tal frå kvar enkelt institusjon når det kjem til publisering av kataloginformasjon om privatarbiv på Arkivportalen. Det vi kan lese ut ifrå Arkivportalen er at Arkivverket har publisert størstedelen av arkiva sine her. Deretter kjem andre arkivinstitusjonar og (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar. Tala viser at bibliotek og museum, som i all hovudsak berre bevarer privatarbiv, er institusjonstypene som publiserer minst kataloginformasjon. Spesielt gjeld dette for biblioteka, der om lag 20 % av arkiva dei oppbevarer har informasjon publisert på Arkivportalen. Musea har eit noko høgare tal, på om lag 30 %.

Sjølv om talet på publiserte privatarbiv på Arkivportalen framleis er lågt, har det vore ein jamn auke dei siste åra. I 2021 er det publisert katalogar for 51 % av dei rapporterte privatarbiva. I 2016 var talet 35 %. Det betyr i det minste at informasjon om bevarte privatarbiv er blitt meir tilgjengeleg for alle typar brukarar dei siste åra.

Figur 21: Utvikling i del av privatarbiv (kataloginformasjon) publisert på Arkivportalen.no 2016-2021



DIGITALT SKAPT PRIVATARKIVMATERIALE

Ved utgangen av 2021 var det bevart 403 arkivuttrekk frå private aktørar i dei ulike bevaringsinstitusjonane. Med arkivuttrekk meiner ein det datainnhaldet som skal hentast ut av eit system og inngå som hovuddel i arkivversjonen og langtidsbevarast i eit digitalt depot. I offentleg forvaltning og i institusjonane som er depot for offentleg materiale er «arkivuttrekk» eit kjent omgrep. Digitalt skapt materiale frå private aktørar kjem som regel inn til bevaringsinstitusjonane som lause filstruktur på harddisk, minnepinne, cd-rom eller liknande. Desse har sjeldan ein struktur som er eigna for langtidslagring og må leggest til rette for langtidslagring. Dette krev kompetanse som mange privatarkivinstitusjonar framleis manglar.

Tabell 8: Digitalt skapt privatarkivmateriale totalt pr. 2021 etter institusjonstype


Institusjonstype	Private uttrekk
Arkivverket	78
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	41
Andre arkivinstitusjonar	22
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	141
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	70
Folkebibliotek	5
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	6
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	81
Museum	181
SUM ALLE	403

Talet på private uttrekk er lågare i 2021 enn i 2020. Årsaka til dette er at enkelte bevaringsinstitusjonar har misoppfatta kva som meinast med uttrekk, og at dei difor har rapportert inn for høge tal. Reelt har det vore ei vekst på 86 private uttrekk frå 2020 til 2021.

Vurderer vi storleiken på uttrekka som blir bevart, ser vi at dei private uttrekka utgjere ein stor del av totalbestanden målt i gigabytes.⁴ Universitetsbiblioteket i Bergen har den største mengda data av alle bevaringsinstitusjonane på heile 50 058 GB. Norsk senter for folkemusikk og folkedans bevarer 20 416 GB. Begge institusjonane bevarer berre private uttrekk, og målt i GB utgjere bestanden frå dei to institusjonane 32 % av alt digitalt skapte materiale som blir bevart

⁴ Arkivstatistikken spør berre om kor mange GB bevaringsinstitusjonane bevarer totalt.

Figur 22: Utvikling i talet på uttrekk av privatarkiv 2014-2021



Figur 22 viser utviklinga i tal på bevarte arkivuttrekk i perioden 2014 til 2021. Totalt er det bevart 4 502 uttrekk i 2021. Talet på uttrekk frå private aktørar har i den same perioden auka frå 10 til 403. Bevaring av digitalt skapte privatarkiv har kome svært kort samanlikna med dei offentlege.

INSTITUSJONANE MED MEST PRIVATARKIV

Vi kan sjå nærare på dei største institusjonane på privatarkivfeltet, som vi i utgangspunktet må vurdere ut frå talet på hyllemeter privatarkiv. Samanstillinga viser at dei 15 største institusjonane på feltet bevarer om lag 74 % av alt privatarkivmateriale. Alle dei resterande 131 bevaringsinstitusjonane med privatarkiv i statistikken, har mindre bestandar av privatarkiv. Nokre bevarer ikkje meir enn éin hyllemeter.

Vi får òg store forskjellar i korleis bestanden er sett saman, jf. tabell 9. Ofte har dei med mange hyllemeter privatarkiv også mange arkiv bevart. Ein ser ein tydeleg variasjon i storleiken på arkiva. Til dømes har Fylkesarkivet i Vestland og Nasjonalbiblioteket særskilt mange små arkiv, medan Bergen byarkiv, Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek og Arkivverket har fleire større.

Talgrunnlaget for bevarte uttrekk frå private aktørar er nok for spinkelt til å gjere anna enn å konkludere med at det vesle som er bevart, er bevart av nokre få institusjonar. Arkivverket har bevart 78 uttrekk frå private aktørar, Universitetsbiblioteket i Bergen 31 og Nasjonalbiblioteket 30. Vi ser òg at arkivinstitusjonar som Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek og Bergen byarkiv har bevart eit titals uttrekk frå private aktørar, Østfoldmuseene 7, Aust-Agder museum og arkiv 3 og Vestfoldarkivet og Fylkesarkivet i Vestland 1 kvar. Til saman 180 bevarte uttrekk frå private aktørar.

Tabell 9: Oversikt over institusjonane som har flest hyllemeter privatarkiv pr. 2021, jf. med tal på arkiv og uttrekk frå private aktørar. Total arkivbestand i hm i institusjonen i grått.

Nr	Institusjonstype	Privatarkiv bestand hm	Privatarkiv tal på arkiv	Bevarte uttrekk frå private aktørar	Total bestand hm
1	Arkivverket	39 059	10 422	78	275 901
2	Bergen byarkiv	12 101	3 020	13	42 415
3	Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	8 500	2 220	16	8 500
4	Nasjonalbiblioteket	8 145	7 000	30	8 145
5	Universitetsbiblioteket i Bergen*	4 561	2 428	31	5 661
6	Vestfoldarkivet	4 524	2 007	1	6 638
7	Aust-Agder museum og arkiv	3 438	1 890	3	10 232
8	Arkiv i Nordland	3 313	1 165	-	12 906
9	Misjons- og diakoniarkivet, VID	2 739	578	-	2 739
10	Østfoldmuseene	2 707	1 119	7	2 790
11	NTNU Universitetsbiblioteket i Trondheim	2 630	658	-	2 625
12	Oslo byarkiv	2 580	489	-	23 573
13	Fylkesarkivet i Vestland	2 435	2 192	1	15 615
14	Stiftelsen Lillehammer museum (inkl. Opplandsarkivet, avd. Maihaugen)	2 403	1 950	-	2 403
15	AAT-NIA (Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark / Norsk Industriarbeidermuseum)	2 318	1 014	-	2 318
	SUM PRIVATARKIV 15 STØRSTE	101 453	38 152	180	422 461

Dei 15 største institusjonane har om lag 74 % av den samla privatarkivbestanden i talet på hyllemeter. Berre 9 av desse har bevart uttrekk frå private aktørar.

Tabell 10: Oversikt over institusjonar som har flest oppgitte uttrekk frå private aktørar og har meir enn 50 GB (totalt) i 2021. Tal på hm privatarkiv i institusjonen i grått.

Nr	Namn på institusjon	Bevarte uttrekk frå private aktørar	Bevarte uttrekk totalt	Bevarte GB totalt	Privatarkiv bestand hm
1	Arkivverket	78	1 772	41 000	39 059
2	Universitetsbiblioteket i Bergen*	31	31	50 058	4 561
3	Narvik krigsmuseum	20	20	480	151
4	Valdresmuseum AS	17	17	54	341
5	Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	16	16	2 010	8 500
6	Bergen byarkiv	13	148	837	12 101
7	Stavanger byarkiv	10	53	563	1 230
8	Innlandet Fylkesarkiv	8	359	25 000	770
9	Norsk senter for folkemusikk og folkedans	6	6	20 416	635
10	Danseinformasjonen (Dansearkivet)	5	5	500	29

* Inkluderer Skeivt arkiv, Språksamlingane, Billedsamlingen, Manuskript- og librarsamlingene.

Fleire av bevaringsinstitusjonane som kjem høgt på lista over institusjonar med private uttrekk, bevarer ikkje offentleg arkiv, noko som tyder på ei auka satsing på bevaring av digitalt skapt privatarkiv i desse institusjonane. Talet på uttrekk seier lite om storleiken på arkiv, noko ein ser når ein studerer talet på gigabytes.

AUDIOVISUELT ARKIVMATERIALE

Audiovisuelt arkivmateriale er eit omgrep nytta som samlenemning for materiale som fotografi, lyd og film i forskjellige format (heretter kalla AV-materiale). Arkivstatistikken har i fleire år henta inn tal for denne type materiale, og desse har vist at institusjonane har rikholdige samlingar. For 2021 rapporterer 99 bevaringsinstitusjonar at dei har lydmateriale, og 90 at dei har film/video. 60 av institusjonane rapporterer at dei har digitalisert lyd, og 48 at dei har digitalisert film/video. Omfanget varierer frå eitt opptak til fleire hundre tusen.

Det har lenge vore utfordrande å hente inn gode tal over AV-materiale hjå norske bevaringsinstitusjonar. Årsaka til dette har vore samansett. Mange institusjonar har hatt for dårleg oversikt over den audiovisuelle delen av samlinga då materialet har vore lite tilgjengeleg mellom anna grunna format. Arkivstatistikken ber bevaringsinstitusjonane om å rapportere AV-materiale i éin av tre forskjellige einingar: opptak, fysiske einingar (berarar) eller timar. Dette gjer det årvisse samanlikningsgrunnlaget problematisk då enkelte institusjonar rapporterer materiale i forskjellig eining frå år til år. Det kan somtid også vere uklårt om institusjonane rapporterer det same materiale fleire gonger i forskjellige einingar, enno dette er forsøkt klargjort i forklaringa til rapporteringa. Ein del institusjonar let dessutan vere å svare på delen som gjeld AV-materiale, anten fordi dei melder at dette vert rapportert til museumsstatistikken eller fordi dei ikkje har god nok oversikt. Der institusjonar rapporterte på denne delen føregåande år, fører dette dels til store utslag ved årvisse samanlikning. Alle desse faktorane gjer at det kan vere grunn til å lese tala med omhug.

I 2019 sendte Kulturrådet ut ei rettleiing til musea i Noreg for å klargjere kva materiale som skal rapporterast til kva statistikk. Ved førre måling resulterte dette i ein kraftig nedgang i innrapportert foto til Arkivstatistikken. Også i år kan det sjå ut til at fleire museum har endra rapporteringsrutinane i høve Kulturrådet sin rettleiar, noko som gjev utslag i den årvisse statistikken.

Elles avdekkar statistikken også for 2021 at mykje AV-materiale framleis ikkje vert lagra under eigna oppbevaringstilhøve. Då AV-materiale er særleg utsett for nedbryting, følgjer vi ekstra nøye med på tala for oppbevaringstilhøva og digitaliseringa av denne type materiale.

FOTO

Dei norske bevaringsinstitusjonane rapporterer at dei bevarer mykje foto. Til saman er om lag 34,5 millionar fotografi rapportert inn til Arkivstatistikken ein auke på nær 6 millionar frå 2020. Fleire museum rapporterer fotobestanden til museumsstatistikken, og rettleiinga frå Kulturrådet er med på å forklare kvifor fotobestanden hjå musea krympar også i år; frå 3,3 millionar i 2020 til 2,7 millionar i 2021. Elles ser me ein kraftig auke i talet på foto hjå dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane, noko som hovudsakleg skuldast ei tilvekst på 6 millionar foto i Vestfoldarkivet. Denne er også hovuddelen av auken i fotobestanden frå 2020 til 2021 for heile sektoren.

Tabell 11: Foto totalt, registrert og digitalisert etter institusjonstype pr. 2021

Institusjonstype	Foto totalt	Foto registrert i katalogsystem	Foto digitalisert	Del av foto som er digitalisert
Arkivverket	6 643 285	185 000	193 149	2,9 %
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	16 386 094	1 120 985	506 355	3,1 %
Andre arkivinstitusjonar	5 426 588	784 776	146 565	2,7 %
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	28 455 967	2 090 761	846 069	3,0 %
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	2 708 790	397 877	273 746	10,1 %
Folkebibliotek	100 717	59 455	55 469	55,1 %
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	450 239	106 841	215 474	47,9 %
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	3 259 746	564 173	544 689	16,7 %
Museum	2 734 464	948 171	465 059	17,0 %
SUM ALLE	34 450 177	3 603 105	1 855 817	5,4 %

Berre 5,4 % av den totale fotobestanden er digitalisert. Årsaka til nedgangen frå 2020 skuldast dels den store tilveksten foto som ikkje er digitalisert, dels varierende rapporteringsrutinar frå fleire institusjonar.

LYD OG FILM

Arkivstatistikken spør institusjonane om bevaring av film/video og lyd. For at statistikken skal bli mest mogleg presis har ein forsøkt å ta omsyn til at institusjonar har registrert denne type materiale i forskjellige måleeiningar. Institusjonane blir bedne om å rapportere tal for opptak, fysiske einingar (berarar) eller timar.

Tabell 12: Lyd totalt og digitalisert etter institusjonstype pr. 2021

Institusjonstype	Lydopptak totalt	Lydopptak digitalisert	Lydberarar totalt	Lydberarar digitalisert	Lydtimar totalt	Lydtimar digitalisert
Arkivverket	-	7 673	7 827	3 570	-	6 945
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	23 991	16 626	9 680	1 296	10	82
Andre arkivinstitusjonar	1 022	3 279	221 273	5	-	1 439
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	25 013	27 578	238 780	4 871	10	8 466
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	78 079	65 051	3 874	1 120	1 696	1 498
Folkebibliotek	461	27	224	-	324	180
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	2 590	200	1 119	5	10	10
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	81 130	65 278	5 217	1 125	2 030	1 688
Museum	81 572	56 066	43 372	9 529	1 325	414
SUM ALLE	187 715	148 922	287 369	15 525	3 365	10 567

Dei største endringane i rapporteringa for lyd ser ut til å skuldast endringar i rapporteringsrutinane hjå enkelte institusjonar og mangel på innrapportering hjå andre. Nasjonalbiblioteket rapporterte til dømes 240 000 digitaliserte lydberarar i 2020, medan dei rapporterte 0 i 2021. Delen av lydopptak, lydberarar og lydtimar som er digitalisert ser ut til å vere høgare samanlikna med delen av digitaliserte foto.

Tabell 13: Film/video totalt og digitalisert etter institusjonstype pr. 2021


Institusjonstype	Film/ video- opptak totalt	Film/ video- opptak digitalisert	Film/ video- berarar totalt	Film/ video- berarar digitalisert	Film/ video timar totalt	Film/ video timar digitalisert
Arkivverket	-	255	4 928	103	-	77
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	3 405	557	8 325	280	20	16
Andre arkivinstitusjonar	698	310	16 515	48	-	3 169
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	4 103	1 122	29 768	431	20	3 263
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	403	45	1 978	190	72	3
Folkebibliotek	488	115	5 595	70	72	20
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	245	-	3 717	2 132	-	10
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	1 136	160	11 290	2 392	144	33
Museum	5 537	1 764	31 513	1 467	373	14
SUM ALLE	10 776	3 046	72 571	4 290	537	3 309

Også for film og video skuldast dei største årvisse variasjonane endringar i rapporteringsrutinane. Fleire bevaringsinstitusjonar rapporterer at dei har dårleg oversikt over materialet, og at tala berre er estimatar. Fleire rapporterer også at materialet er utilgjengeleg grunna mangel på avspelingsutstyr. Mange institusjonar kommenterer at dei samarbeider med Nasjonalbiblioteket om digitalisering av film og videomateriale.

LAGRINGSFORHOLD FOR AUDIOVISUELT ARKIVMATERIALE

Då audiovisuelt materiale er sårbart og kan brytast ned raskt, spør Arkivstatistikken om lagringstilhøva for materialet. Som i tidlegare år syner svara at lagringstilhøva for AV-materialet er best hjå arkivinstitusjonane der 56 % svarar at lokala har eigna lagringstilhøve – ein oppgang frå 45 % i 2019. For bibliotek og museum svarar 26 % av institusjonane at dei har gode nok lagringstilhøve – ein oppgang frå 21 % i 2019. Heile 42 % av bevaringsinstitusjonane svarar at berre delar av materialet er laga tilfredsstillande.

Figur 23: Er lagringsforholda for audiovisuelt arkivmateriale tilfredsstillande? Etter institusjonstype pr. 2021




TILGJENGE OG BRUK

TILGJENGE TIL ARKIVKATALOGAR PÅ LESESAL OG NETT


Ein arkivkatalog inneheld viktige opplysningar om kva eit arkiv inneheld; derfor spelar tilgjenge og kvaliteten på arkivkatalogane framleis ei viktig rolle, også i ei tid der mange av kjeldene er å finne digitalisert og på nett. Heile 26 av arkivinstisusjonane svarar at dei har arkivkatalogar tilgjengelege på lesesal, medan 87 av biblioteka og musea har arkivkatalogar tilgjengelege.

Figur 24: Institusjonar med arkiv (kataloginfo) tilgjengeleg på lesesal etter institusjonstype pr. 2021



Før brukarane kjem på lesesalane, treng dei å vite kvar arkivmaterialet dei leitar etter finst og kva det inneheld. Arkivportalen er ein nasjonal publiserings- og søkjeteneste for arkivkatalogar i bevaringsinstitusjonane. 44 % av bevaringsinstitusjonane svarar at dei publiserer på Arkivportalen. Det er det same talet som føregåande år. Som tidlegare er skilnaden stor mellom arkivinstisusjonane med 82 %, og bibliotek og museum med 36 %. Fleire svarar at dei gjer informasjonen tilgjengeleg på andre stader enn Arkivportalen; 28 % på eigen nettstad og 16 % på andre nettstader. I tillegg kjem heile 41 % som ikkje gjer arkivkatalogane tilgjengelege digitalt. Her har det vore ei betring frå 51 % i 2020.


Figur 25: Institusjonar som gir tilgjenge til arkiv (kataloginfo) på nett etter institusjonstype pr. 2021



BESØK, UTLÅN OG FØRESPURNADER PÅ LESESAL

Tala på lesesalsbesøk syner òg i 2021 ein liten nedgang. Til forskjell frå tidlegare år, kan mykje forklarast med koronaviruset og nedstenginga som følgde. Det er ein liten auke i førespurnader, men ikkje så markant som førre år. Det var ein auke på 816 førespurnader frå 2020.

Figur 26: Utvikling i førespurnader og lesesalsbesøk 2014-2021



Tabell 14: Tal på besøk, utlån og førespurnader på lesesal etter institusjonstype i 2021

Institusjonstype	Besøk på lesesal	Utlånte arkivstykke	Førespurnader totalt	Førespurnader om eigedom og dokumentasjon av rettar
Arkivverket	6 029	21 142	18 735	14 079
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	3 317	5 822	34 445	25 919
Andre arkivinstitusjonar	477	2 600	1 055	30
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	9 823	29 564	54 235	40 028
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	1 157	3 730	2 709	3
Folkebibliotek	99	86	380	7
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	315	61	521	-
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	1 571	3 877	3 610	10
Museum	1 796	1 455	6 007	101
SUM ALLE	13 190	34 896	63 852	40 139


Dei siste åra har det vore ein nedgang i utlånte arkivstykke på lesesal, og denne tendensen held fram i 2021. Ein ser særleg nedgangen i dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane og Arkivverket. I Arkivverket tilbyr ein no skanning på førespurnad, noko som kan få innverknad på lesesalbesøka. Auka publisering på Digitalarkivet kan også vere med å forklare nedgangen.

PUBLISERING OG BRUK AV DIGITALISERT ARKIVMATERIALE

I statsbudsjettet for 2020 vedtok Stortinget at Digitalarkivet skal vere nasjonal fellesløsning for bevaring og publisering av historiske arkiv i Noreg. Arkivverket eig og forvaltar Digitalarkivet, og allereie i 2019 opna Digitalarkivet for publisering frå alle bevaringsinstitusjonane i Noreg. Arkivverket held derfor oversyn med kven og kor mange av bevaringsinstitusjonane som publiserer kjeldene sine i Digitalarkivet. Ved utgangen av 2021 var det til saman 38 bevaringsinstitusjonar som gjer arkiva sine tilgjengelege på Digitalarkivet. Det er ein auke på 7 frå 2020.


Med ei målsetting om at brukarane skal finne all historisk arkivinformasjon i bevaringsinstitusjonane frå stat, kommune og privat sektor samla på ein stad, ønskjer Arkivverket å vite meir om kor bevaringsinstitusjonane publiserer arkiva i dag. Svara i arkivstatistikken viser at det er eit stykke igjen før ein kan finne kjelder i eit felles søk på nett.

Figur 27: Kvar publiserer institusjonen sitt digitaliserte arkivmateriale? Pr. 2021



38 av bevaringsinstitusjonane oppgir at dei publiserer i Digitalarkivet. 17 av dei som har svart brukar Fotoweb og heile 46 brukar Digitalt museum. Arkivportalen har også løysingar for digitaliserte dokument, som 33 svarar at dei brukar denne løysinga. Mange brukar fleire plattformer, og derfor opnar spørsmålet for å krysse av på fleire svaralternativ. Svara viser at publikum i dag må leite på mange ulike stader for å finne kjelder på nett.

Figur 28: Utvikling i besøk på Digitalarkivet 2014-2021



Ser ein på bruk og besøk i Digitalarkivet, er det ein liten nedgang i kor mange som besøker Digitalarkivet i 2021. I 2020 var talet på besøk heile 7,4 millionar, medan talet for besøk 2021 er 6,7 millionar. Den store auken på 1,3 millionar på berre eitt år frå 2019–2020, kan mellom anna forklarast ved at mange fekk meir tid heime under den første nedstenginga og brukte meir tid på nettressursar som Digitalarkivet. I 2020 publiserte Arkivverket folketeljinga for 1920, og det var knytt stor interesse til dette. Etter eit år, kan interessa for folketeljinga ha svekka seg litt.


Talet på årlege unike brukarar er òg noko lågare i 2021 med 1,3 millionar unike brukarar mot 1,6 millionar i 2020. Det er elles ei forventa utvikling at talet på besøk og individuelle brukarar skal auke i takt med at stadig fleire bevaringsinstitusjonar brukar Digitalarkivet og at stadig meir arkivmateriale blir publisert. Ei meir utbygd teneste for digitalisering på førespurnad i Arkivverket vil truleg òg få fleire til å besøke Digitalarkivet.

ÅRSVERK OG ØKONOMI

Det er stor aktivitet knytt til bevaring, forvaltning og formidling av arkiv i dei norske bevaringsinstitusjonane. For å utføre dette arbeidet hadde institusjonane i 2021 samla sett tilsette som utførte 886 arkivrelaterte årsverk⁵, ein auke på rundt 14 årsverk frå 2020, og ein auke på heile 100 årsverk frå 2017. 743 av desse er arkivfaglege årsverk⁶ - ein nedgang frå 2020 på 12 årsverk.

I Arkivverket åleine er dei arkivfaglege årsverka redusert med 14, og erstatta med andre typar årsverk. Dette kan vere nye oppgåver knytt til det digitalt skapte arkivmaterialet som vert ein stadig viktigare del av den daglege drifta, og andre typar utviklingstiltak.

Figur 29: Utvikling i årsverk totalt knytt til arkiv i bevaringsinstitusjonane 2016-2021



Arkivinstitusjonane har samla sett hatt ein liten oppgang i tal på arkivrelaterte årsverk (oppgang på rundt 7 årsverk) og ein nedgang i tal på arkivfaglege årsverk (nedgang på rundt 18 årsverk) frå 2020. Andre årsverk har auka med rundt 8. Endringane skuldast truleg at arkivinstitusjonane får andre oppgåver med omstillinga til digitalt skapt arkiv.

Tabell 15: Årsverk totalt knytt til arkiv etter institusjonstype i 2021

Institusjonstype	Arkivrelaterte årsverk	Arkivfaglege årsverk	Andre årsverk
Arkivverket	284	191	93
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	445	411,8	34
Andre arkivinstitusjonar	45	28,8	15,7
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	774	631,6	142,7
Fagbibliotek/dokumentasjonssenter	39,4	39,4	Ikkje spurt
Folkebibliotek	1,5	1,5	Ikkje spurt
Lokalhistoriske arkiv og samlingar	2,52	2,52	Ikkje spurt
SUM BIBLIOTEK/LOKALHISTORISKE ARKIV	43,42	43,42	Ikkje spurt
Museum	68,19	68,19	Ikkje spurt
SUM ALLE	885,61	743,21	142,7

⁵ Dei arkivrelaterte årsverka finn vi ved å legge saman «årsverk totalt» oppgitt av arkivinstitusjonane, og «arkivfaglege årsverk» oppgitt av bibliotek og museum.

⁶ Dei arkivfaglege årsverka finn vi ved å legge saman «arkivfaglege årsverk» oppgitt av arkivinstitusjonane, og «arkivfaglege årsverk» oppgitt av bibliotek og museum.

Musea og biblioteka oppgir berre arkivfaglege årsverk til statistikken. I 2021 rapporterer desse institusjonane samla å ha rundt 112 arkivfaglege årsverk. Dette er ein auke på 7 årsverk frå 2020. I gjennomsnitt utgjer likevel dette berre 0,9 arkivfaglege årsverk per bibliotek eller museum – same som i 2020.

Det er berre arkivinstitusjonane som oppgir økonomital til statistikken. Til saman oppgir arkivinstitusjonane 1 067 591 575 kr i driftsmiddel og 1 003 402 835 kr i driftsutgifter

Tabell 16: Økonomi i arkivinstitusjonar i 2021

Institusjonstype	Driftsmiddel	Driftsutgifter
Arkivverket	585 317 000	510 960 000
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	428 496 387	442 820 487
Andre arkivinstitusjonar	53 778 188	49 622 348
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	1 067 591 575	1 003 402 835

Det er viktig å lese økonomitala med omhug, då fleire institusjonar kommenterer at det er vanskeleg for dei å oppgi eksakte tal på alt. Eksempelvis kan dette gjelde kostnader knytte til husleige og drift av lokale for dei institusjonane som deler lokale med andre eller husleiga er del av eit anna budsjett. Tenesteområdet Arkiv er dessverre ikkje del av KOSTRA-rapporteringa, og det er derfor vanskeleg å halde god oversikt over kommunane sine økonomital knytt til denne oppgåva.

ARKIVINSTITUSJONANE

Som tidlegare år ber ein arkivinstitusjonane om å rapportere inn aktivitetar mot ålmenta. Dei svarar på spørsmål om tidsbruk nytta til ekstern rettleiing og anna kurs- og foredragsaktivitet, anten mot arkivskaparar eller mot det generelle publikummet. Dei svarar òg på spørsmål om aktivitet knytt til andre typar arrangement og utstillingar.

I samband med kommunesamanslåingane rapporterte dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane tidlegare om høg aktivitet innan rettleiing og kursverksemd. Dei siste åra har denne aktiviteten minka, og frå 2020 til 2021 er talet på dagsverk nytta til synfaring, tilsyn og rettleiing halvert hjå dei (fylkes)kommunale arkivinstitusjonane. Arkivverket har auka aktiviteten, noko som truleg har samanheng med innføring av nye arbeidsmetodar under koronatida.

Tabell 17: Rettleiing, kurs og deltakarar på kurs i arkivinstitusjonar i 2021

Institusjonstype	Dagsverk synfaring, tilsyn, rettleiing	Tal på kurs for arkivskaparar	Deltakarar på kurs for arkivskaparar
Arkivverket	3 266	-	-
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	1 298	414	3 111
Andre arkivinstitusjonar	40	7	115
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	4 604	421	3 226

Tal på kurs og tal på deltakarar på kurs har auka sidan 2020. Dette har truleg samanheng med at samfunnet er meir opent etter pandemien, samstundes som ein har funne nye kursformar.


Tabellen under syner at også aktivitet knytt til arrangement, foredrag og fysiske utstillingar i arkivinstitusjonane stadig er nedgåande. Sidan 2018 har talet på arrangement minka med 85 % og talet på foredrag minka med 75 %, medan talet på fysiske utstillingar har halde seg meir stabilt

Tabell 18: Arrangement, foredrag og utstillingar i arkivinstitusjonar i 2021

Institusjonstype	Arrangement	Foredrag	Fysiske utstillingar
Arkivverket	-	-	-
(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar	24	65	41
Andre arkivinstitusjonar	27	27	8
SUM ARKIVINSTITUSJONAR	51	92	49


På den motsette sida er det gledeleg å sjå at tala for bruk av ulike andre formidlingskanalar aukar. 86 % av arkivinstitusjonane oppgir at dei nyttar sosiale medium til å formidle til og kommunisere med omverda. 89 % nyttar også eiga nettside til formidling.

Figur 30: Formidlingskanalar i arkivinstitusjonar pr. 2021




21 (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar har svart på undersøkinga, 20 av dei har svart på alle spørsmål. Kommunar og fylkeskommunar eig og styrer desse, og institusjonane er interkommunale arkiv (såkalla IKA), fylkesarkiv og byarkiv. Alle som har svart på spørsmåla om depot oppgir at dei tilbyr depotordning for papirmateriale, medan 19 av 20 svarar at dei tilbyr depot for elektronisk arkiv – same som i 2020.

Figur 31: Tenester for arkiv i (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar pr. 2021



Institusjonane tilbyr også ei rekke andre tenester til eigarane, slik som kurs, fagleg rettleiing og arkivfaglege møte. Alle institusjonane oppgir å tilby både kurs, fagleg rettleiing og faglege møte med eigar/medeigar/medlem. Nesten alle oppgir no også å hjelpe sine eigarar med rådgiving ved kjøp og innføring av elektroniske system for arkiv. I 2018 var dette tenester som berre 8 % av institusjonane gav tilbod om, medan det i 2021 var alle bortsett frå éin institusjon som gav dette tilbodet.

Figur 32: Andre tenester i (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar pr. 2021



OM STATISTIKKEN

Riksarkivaren har som oppgåve å hente inn årleg statistikk frå institusjonar som tar vare på historiske arkiv. Denne oppgåva låg tidlegare i Kulturrådet, men blei i 2014 formelt overført til Arkivverket etter at Arkivmeldinga (2013) foreslo ei slik overføring.⁷

Formålet med statistikken er å få eit overordna bilete av situasjonen for arkiva i arkivbevarande institusjonar, og å måle endringar over tid. Oversikta vert brukt til å definere behov for arkivsektoren, og av Riksarkivaren i arbeidet med rettleiing, i oppfølginga av bevaringsinstitusjonane, og i rolla som utviklingsaktør. Statistikken går også vidare til Statistisk sentralbyrå som publiserer utvalde tal i den årlege rapporten «Kulturstatistikk».⁸

Statistikken for arkivinstitusjonar og arkiv i bibliotek og museum, eller «Arkivstatistikken», for 2021 omfattar svar frå 152 institusjonar: 28 arkivinstitusjonar, 70 museum og 54 bibliotek (bibliotek-kategorien inkluderer folkebibliotek, fagbibliotek/dokumentasjonssenter og lokalhistoriske arkiv/samlingar). 161 institusjonar fekk tilsendt spørreskjema, noko som betyr ein svarandel på 94 % (100 % for arkivinstitusjonar, 99 % for museum og 86 % for bibliotek). Dei aller fleste institusjonane som har levert inn svarskjema har svart på tilnærma alle spørsmål, medan nokre få institusjonar har svart på berre nokre av spørsmåla. Arkivverket går kvart år igjennom lista over institusjonar for å halde ho oppdatert. Auken i talet på respondentar i 2021 skuldast at dei forskjellige avdelingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen har mottatt eigne undersøkingar for å lette arbeidet med innhenting av tal.

Arkivstatistikken gir kunnskap om situasjonen i dei arkivbevarande institusjonane i Noreg, og høve til å følge utviklinga over tid. Det er likevel visse manglar ved statistikken slik at ikkje alt historisk arkivmateriale er omfatta av denne statistikken. For statleg materiale dekker statistikken omtrent alt materiale, ettersom så å seie alle dei statlege verksemdene har Arkivverket som depot for sitt historiske arkivmateriale. Men for det kommunale materialet så omfattar statistikken berre det arkivmaterialet som er kome inn til dei kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonane (i statistikken kalla (fylkes)kommunale arkivinstitusjonar; det vil seie byarkiv, fylkesarkiv og interkommunale arkivordningar). Historisk materiale frå kommunar som ikkje nyttar ei interkommunal arkivordning fell utanfor Arkivstatistikken. Per desember 2021 gjeld dette materiale frå ca. 5 % av kommunane i Noreg.⁹

For privatarkivmateriale dekker statistikken berre det materialet som har kome inn til institusjonane som får spørreskjema. Arkivverket sender spørreskjemaet til alle institusjonar som vi veit oppbevarer privatarkiv. Det finst fleire mindre aktørar, med frivillige (til dømes historielag og andre frivillige organisasjonar) som oppbevarer slikt materiale. Arkivverket kjenner ikkje til alle desse, og dei får derfor ikkje tilsendt spørreskjema.

⁷ Meld. St. 7 (2012-2013) – Arkiv

⁸ Sjå: <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/kulturstatistikk>

⁹ Dei interkommunale arkivinstitusjonane oppgjev å dekke 349 av dei 356 kommunane og 11 fylkeskommunane i Noreg per 2021.

INDELING INSTITUSJONSTYPAR

ARKIVINSTITUSJONAR

Arkivverket (Riksarkivet, statsarkiva, Samisk arkiv og Norsk Helsearkiv)

Andre arkivinstitusjonar

Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek

Misjons- og diakoniarkivet, VID

Norsk Luthersk Misjonssamband

Norsk Lydinstitutt

Norsk senter for folkemusikk og folkedans

Stortingsarkivet

(Fylkes)kommunale arkivinstitusjonar

Arkiv i Nordland

Arkiv Troms

Aust-Agder museum og arkiv

Bergen byarkiv

Drammen byarkiv

Fredrikstad byarkiv

Fylkesarkivet i Vestland

IKA Finnmark

IKA Hordaland

IKA Kongsberg

IKA Møre og Romsdal

IKA Rogaland

IKA Trøndelag

IKA Vest-Agder

IKA Østfold

Innlandet Fylkesarkiv

Oslo byarkiv

Stavanger byarkiv

Tromsø byarkiv og bibliotek

Trondheim byarkiv

Vestfoldarkivet

Østfold interkommunale arkivselskap

MUSEUM

AAT-NIA (Arbeiderbevegelsens arkiv i Telemark / Norsk Industriarbeidermuseum)

Anno museum

Arran Lulesamisk senter / Árran - julevsáme guovdásj

Buskerudmuseet

Bø Museum

Dalane folkemuseum

Davvi álbmogiid guovddáš - Senter for nordlige folk

Deanu ja Varjjat museasiida - Tana og Varanger museumssiida

Drammens museum for kunst og kulturhistorie

Falstadsenteret

Forsvarets museer

Galleri F 15

Gudbrandsdalsmusea AS

Hardanger og Voss Museum

Haugalandmuseene

Helgeland museum

Jødisk Museum i Oslo

Jødisk museum i Trondheim

Kistefos-Museet

Kraftmuseet - Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

Midt-Troms Museum

Mjøsmuseet

Musea i Sogn og Fjordane

Musea på Sunnmøre

Museene for kystkultur og gjenreisning i Finnmark

Museene i Akershus (MIA)

Museene i Sør-Trøndelag A/S

Museet Midt IKS

Museum Nord

Museum Stavanger

Museum Vest

Museumssenteret i Hordaland
 Narvik krigsmuseum
 Nordlandsmuseet
 Nordmøre museum
 Nord-Troms museum
 Norges arktiske universitetsmuseum
 Norsk Bergverksmuseum
 Norsk Jernbanemuseum
 Norsk Luftfartsmuseum
 Norsk Oljemuseum
 Norsk Skogfinsk Museum
 Norsk vegmuseum
 Oslo Museum
 Perspektivet Museum
 Preus museum
 Randsfjordmuseene
 RiddoDuottarMuseat
 Romsdalsmuseet
 Ryfylkemuseet
 Saemien Sijte
 Skimuseet i Holmenkollen
 Stiftelsen Lillehammer museum (inkl. Opplandsarkivet, avd. Maihaugen)
 Stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design
 Stiftelsen Norsk Folkemuseum
 Stiftelsen Norsk Teknisk museum
 Stiftinga Jærmuseet
 Stiftinga Nynorsk Kultursentrum
 Stiklestad nasjonale kultursenter
 Sunnhordland museum
 Svalbard museum
 Sør-Troms Museum
 Telemark Museum
 Valdresmusea AS
 Varanger museum IKS
 Várdobáiki samisk senter
 Verdensarvsenter for bergkunst - Alta Museum IKS
 Vest-Agder-museet IKS
 Vest-Telemark museum IKS
 Vigeland-museet
 Østfoldmuseene

BIBLIOTEK

Fagbibliotek/dokumentasjonssenter

Arbeiderbevegelsens arkiv Hedmark
 Danseinformasjonen (Dansearkivet)
 Det teologiske Menighetsfakultet, Historisk Arkiv
 Folkemusikkarkivet i Telemark
 Folkemusikkarkivet NRK
 HL-senteret
 Nasjonalbiblioteket
 Norges geologiske undersøkelse, bibliotek
 Norsk polarinstitutt, biblioteket
 NTNU Universitetsbiblioteket i Trondheim
 Troms og Finnmark fylkesbibliotek
 UiB, Arne Bjørndals samlinger (ikkje svart)
 UiB, Billedsamlingen
 UiB, Manuskript- og librarsamlingene
 UiB, Skeivt arkiv
 UiB, Språksamlingene
 UiT Norges arktiske universitet, Universitetsbiblioteket (tidl. Universitetsbiblioteket i Tromsø)

Folkebibliotek

Alvdal bibliotek
 Asker bibliotek
 Ballangen folkebibliotek
 Brønnøy bibliotek
 Bærum bibliotek
 Hamarøy bibliotek (ikkje svart)
 Harstad bibliotek
 Haugesund folkebibliotek
 Karmøy folkebibliotek
 Kristiansand folkebibliotek
 Kristiansund bibliotek
 Kvæfjord folkebibliotek (Ikkje svart)
 Levanger bibliotek
 Loppa folkebibliotek (Ikkje svart)
 Meråker (kombinasjons)bibliotek
 Notodden bibliotek
 Ringerike bibliotek
 Røros folkebibliotek

Skiptvet bibliotek
Sola folkebibliotek
Spydeberg bibliotek
Stad bibliotek, avd. Selje
Sula Bibliotek
Surnadal folkebibliotek
Time bibliotek
Tingvoll bibliotek
Vennesla bibliotek
Verdal bibliotek
Øvre Eiker bibliotek

Lokalhistoriske arkiv/samlingar

Drangedal historielag
Flesberg historielag
Gol bygdearkiv
Hedrum historielag (Ikkje svart)
Hemsedal bygdearkiv (Ikkje svart)
Hol bygdearkiv
Lier historielag
Lokalhistorisk arkiv i Sauherad
Lokalhistorisk arkiv i Vinje
Lokalhistorisk senter Horten
Nordre Follo lokalhistoriske arkiv
Nore og Uvdal bygdearkiv (Ikkje svart)
Rakkestad lokalsamling
Sauda lokalarkiv (Ikkje svart)
Sogndal lokalhistorisk arkiv (Sogndal bibliotek)
Ål bygdearkiv
Ås kommunes lokalhistoriske arkiv